



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4420 - 23/81975

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
25.10.2023

## Stadfestar mottatt klage på naust og bryggje - gbnr 58/77 Lygren indre

**Tiltak:** naust og bryggje  
**Byggjestad:** Gbnr: 58/77  
**Tiltakshavar:** Bjarte Lygre  
**Ansvarleg søkjar:** Ing Taule As

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage 19.10.2023.

Saksbehandlingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

### Partar i saka kan koma med kommentarar til klagen

Dette brevet vert også sendt til eventuelle andre parter i saka, slik at dei kan kommentera klagen. Kommentrane vil verta tatt med i den vidare behandlinga av klagen.

Kommentarar skal sendast til kommunen på [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).  
Frist for innsending av kommentarar er to veker.

### Vidare klagebehandling

Kommunen vil vurdere klagen viss vilkåra for klagebehandling er oppfylt.

Klagen kan føra til at vedtaket vert endra av administrasjonen. Det nye vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen sendt vidare for politisk behandling i Utval for areal, plan og miljø.

Behandlinga i Utval for areal, plan og miljø kan føra til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Dersom administrasjonen sitt vedtak vert oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

## **Vurdering av utsett iverksetting av vedtak**

I mottatt klage er det oppmoda om utsett iverksetting av administrativt vedtak datert 28.09.2023. Oppmoding om utsett iverksetting vert behandla uavhengig av sjølve klagebehandlinga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, t.d. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon og rammeløyve for oppføring av naust og brygge. Det er ikkje søkt om igangsetjingsløyve pr. dags dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å behandla ein eventuell søknad om igangsetting (IG) før klagen på vedtaket er endeleg avgjort, då ei eventuell omgjering av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gjeve igangsetjingsløyve på feil grunnlag slik at dette vedtaket også må endrast. Eit løyve til igangsetjing kan også medføra inngrep og skade som gjer tilbakeføring vanskeleg dersom vedtaket vert endra. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av naust og brygge på gbnr 58/77.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Aktuelt regelverk**

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bjarte Lygre  
Ing Taule As

Sandviksveien 87a  
Radøyvegen 1400

5036 BERGEN  
5936 MANGER

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER